

Referat FAU-møte 23.09.2025



Tid: kl. 17.15-18.30 → kl. 19.15 over tid

Stad: Skogsvåg skule

Agenda:

- Velkomen ved rektor og presentasjon
- Konstituering FAU + rutine
- Informasjon frå skule: økonomi og skulemiljø
- Trafikktryggleiksplan
- Busstilbod
- Skjerm - SOME
- Ferie-SFO
- Mat på SFO
- Eventuelt

Velkomen: Rektor ønskjer velkomen til FAU-møte. Det har vore ein god start jamt over, og det skjer mykje godt arbeid. Rektor presenterer seg sjølv og seier kort litt om tida på Skogsvåg, trivst godt. Hausten er her og elevrådet er starta opp, leikeleiarar er i sving, venskapsveke unnagjort, BLIME-dans dansa og neste veke er det klart for skuleløp. Rektor sender Skogsvåg-nytt heim med informasjon ila. veka med litt info til alle føresette. Gode tilbakemeldingar på dette, og det er kjekt å lese det som kjem felles for heile skulen!

Rektor gjennomgår agenda for møte og rektor leiar møte etter avtale. Det er kjekt og viktig med FAU, fint å sjå så mange. FAU kan få til mykje og det er utruleg viktig med godt samarbeid, open dialog og gode krefter i foreldregrupper. FAU skal vere eit trygt rom, eit sakleg rom og eit rom for informasjon, dialog, refleksjon og prosessarbeid.

Presentasjon av foreldrekontakter i møte 23.09:

[1.tr:](#) Silje og Linni

[2.tr:](#) Solvor og Martin

[3.tr:](#) Kristin

[4.tr:](#) Kristine

[5.tr:](#) Kristine og Johnny

[6.tr:](#) Susanne og Anette

[7.tr:](#) Tetyana, Nina og Karianne

*Det kjem forslag om **arbeidsgrupper** i FAU knytt dei ulike enkeltsakene. Det vert bestemt at dette skal organiserast før møte er over. Representantane i dei ulike gruppene skal gjere eit mellomarbeid før neste FAU-møte, og **dei som ikkje er representert på dagens FAU-møte kan melde frå om ønskje i aktuell gruppe. Ansvarsperson legg til aktuell person i gruppe.***

SAK 1. Konstituering av FAU (FAU sitt oppdrag, struktur og møteplan for året):

Rektor gjennomgår rutinebeskrivelsen for FAU. Rector sender rutinebeskrivelse til FAU i etterkant av møte. Rector seier kort nokre hovudpunkt.

- **Val av roller for FAU inneverande skuleår:**

Det vert anonym stemming for leiar og nestleiar. Ønskje om å vere leiar: Kristine, Martin og Tetyana. Nestleiar: Kristine, Martin, Tetyana, Susanne. Alle frå FAU avgjer stemme anonymt.

Leiar: Kristine skuleåret 24-25, **Kristine 25-26 (gjenvalt med 8 stemmer)**

Nestleiar: Silje 24-25, **Martin 25-26 (valt med 7 stemmer)**

Kasserar: Johnny 24-25, gjennomgår regnskap. Det er 150 000 på konto pr. 23.09.2025. Hovudinntekt er 17.mai. FAU har kjøpt sand til sandkasse, ikkje betalt. Kan bidra inn med innkjøp etter avtale med rektor etter behov. **Johnny vert kasserar skuleåret 25-26, skal organisere konto over på rektor.**

Sekretær: Monika 24-25, **Nordvik og Tetyana for skuleåret 25-26**

SU: Leiar og nestleiar deltek i SU møter 25-26, Martin og Kristine og Tetyana vara ved behov.

Kommunalt FAU: Tetyana og Linni representerer Skogsvåg. Kontakt FAU Foldnes skule: morten@sotraskalldyr.no for informasjon. Forslag om dato til møte: 20.10 eller 27.10. Viktige saker på kommunalt nivå: skulebruksplan, økonomi, felles foreldremøte med tema? Skogsvåg ønskjer å vere aktiv inn i kommunen sitt FAU.

Struktur og rutinar:

Rector deltek på FAU-møter og er i dialog med leiar/nestleiar før møte knytt agenda og saker. Innkalling i forkant til alle i FAU og referat i etterkant, samt referat på heimesida. Heimesida til skulen skal ha oppdatert informasjon om råd og utval (FAU, SU, elevråd). Foreldrekontakter får rutine tilsendt etter møte.

Møteplan for FAU skuleåret 25-26:

OBS oppdaterte tider etter første møte:

- Tirsdag 23.09 kl 17:15 - 18:30 → 19.15 over tid

- Torsdag 06.11 kl 17:00 - 18:30 + SU
- Tirsdag 27.01 kl 17:00 - 19.30
- Torsdag 09.04 kl 17:00 - 18:30 + SU
- Etter behov kan ein avtale fleire møtepunkt

MØTEPLAN FOR SU 25-26:

Torsdag 06.11 kl.18.30-19.30 og torsdag 09.04 kl.18.30-19.30

SAK 2. Informasjon frå skulen:

- **Økonomi:** ny informasjon i Vestnytt i dag, 23.09. Meldt inn 15 millionar meirforbruk i oppvekst 2025. Skogsvåg, prognose på 1,5 millionar i meirforbruk til jul. Budsjettår går frå januar til januar. Skogsvåg meldte inn 1,5 millionar i meirforbruk til sommaren, men har henta inn ein del med kutt etter påske. Til tross endringar og kutt er det lågt sjukefråvær. Ser at det er krevjande for tilsette med mindre ressursar. Viktig FAU-sak vidare. Føresette vil kjempe for ressursar i skulen. Rektor ønskjer open dialog knytt økonomi.
- **Skulemiljø:**
 - ✓ **Satsing frå kommunen på trygt og godt for heile oppvekst, både skule og barnehage. Skogsvåg har utforma - TRYGG:** rektor informerar om trygg. Det var eit ønske om MOT-SUPER på FAU-møte frå elevråd og frå tilsette våren 2025, men det var ikkje økonomi til det i kommunen. Skogsvåg har no brukt tid og ressursar på å lage sitt eige opplegg → TRYGG, som er ein systematisk måte å arbeide forebyggjande med skulemiljøet. Det er felles årsplan for heile skulen med mykje verktøy og materiell ein kan bruke. Dette er ein satsing, nylig starta opp, men med stor tru på at det vert eit godt arbeid. Det skjer mykje bra på trinn allereie. FAU ser at det er begrensing i økonomi knytt prosjekt. FAU kan bidra dersom det er nokre behov.
 - ✓ **Trivselskalender:** skulen har trivselskalender og den går gjennom året med fellesskapande aktiviteter.
 - ✓ **TSK:** rektor fortel kort om TSK, vart og informert ut på foreldremøta i haust. I TSK (tydeleg, støttande, førebudd klasseleiing) er det felles reglar, ditt val og støtteplakat som verktøy. Det er felles reglar for heile skulen.
 - ✓ **Rektor ønskjer refleksjon i FAU knytt skulemiljø, språkbruk og vald.** Det er eit stort mangfaldet på Skogsvåg skule og det skjer mykje bra. Rektor ser eit godt skulemiljø jamt over, men det er nokre ulikheitar frå trinn til trinn og det er ein del elevar som har vanskar med å regulere kjenslar. Det er nokon elevar som kan ha eit stygt språkbruk og nokon kan ty til vald. Tilsette ønskjer ein

felles handteringsplattform for åtfærd, dette jobbar skulen med og rektor vil ha foreldre på lag.

Tankar frå FAU:

- 7.trinn: kjempe betring når det kjem til språkbruk, inkludering og åtfærd. Lærarar med forventningar, relasjon - ser alle, trygge, pålogga. Foreldre som er kjent på tvers, kjenner elevane og dersom det oppstår noko tek ein det som føresette.
- Gullmunn, godt og konkret. Gullmunn bør vere på alle trinn, elevane er motivert for gullmunn. Rektor seier at det er initiativ frå elevrådet.
- Viktig med informasjon ut til føresette, openheit. FAU opplevar ulikheiter på trinn.
- Hærverk: konsekvens, FAU ønskjer konsekvens knytt hærverk.
- Har Skogsvåg skule ein standard for samarbeid skule/heim? Dette ønskjer FAU. Ein lik måte, ein lik forventning om korleis samarbeid skule/heim skal vere. FAU opplevar at det er ulikt frå lærar til lærar.
- Grovt språk og vald: viktig å tenke heilheit, tenke på skulenivå. Korleis skal skulen handtere.
- Utruleg viktig med felles retningslinjer for kommunikasjon med heim, samarbeidet mellom elev, skule og føresett er nøkkelen.
- Dele god praksis, kvifor fungerer nokon trinn så bra? Kan denne praksisen deles? Det er mangfald i alle elevgrupper, kva er det som gjer at nokon trinn har eit opplevd betre læringsmiljø?
- Tiltak, uteskule/grupper kan vere viktig for nokre elevar.
- Skulen kan opplevast som litt gammaldags, alle må, alle skal og det er ikkje alle skulen passar like godt for.
- Relasjon med lærar er viktig, relasjon med vaksen er nøkkel til å lukkast.
- Hærverk: sum 50 kr, ein del skilr under radar.
- Lage eigne lokale vedlegg til skulereglar knytt hærverk og åtfærd?
- Lære å ta ansvar, viktig at elevane tek ansvar for det dei gjer.
- Viktig at føresette held avtalar. Viktig at føresette tek på alvor melding som kjem.
- Viktig at skule tek enkeltindivid og behov på alvor, informasjonsdeling er viktig. Korleis møte behova? Viktig at informasjon om enkeltelevar når ut til alle tilsette.
- Vaksne må gripe inn, må bry seg, må ta tak i det som skjer. Det er alle sine elevar.

- ✓ **Rektor informerar om sak på 5.trinn knytt skulemiljø og kapasitet i gamlebygg. Samla bekymring, skriftleg frå heile foreldregruppa:** rektor har svart skriftleg med informasjon tilbake og tiltak. Drift er involvert og skulesjef. Sak jobbast med og føresette vert orientert vidare. Sak knytt kapasitet gjeld for øvrig heile gamlebygget. Det er god plass til å ha to grupper på alle trinn, men det er ikkje plass i klasseroma til å vere samla på

tvers av trinn. Dette vert løfta som skulesak. Skuleåret 25-26 er det 5.trinn og 7.trinn som har utfordringa. Det vert ikkje ny utfordring på mellomtrinnet før årets 1.trinn kjem opp då 2-4.trinn er innafor med tanke på elevgruppa og ressursar. Det er meldt inn investeringsbehov frå oppvekst på Skogsvåg skule. Det er nok rom, men ikkje store nok rom til å ha trinn samanslått dersom ein er store grupper.

SAK 3. Skjerm, SOME:

- **Arbeidsgruppe: Kristine (inviterer til felles gruppe), Susanne, Linni, Tetyana, Martin, Solvor**
- Treng ein felles refleksjon før arbeidsgruppa startar arbeidet. Det er fleire meninger i FAU knytt tema.
- Viktig å få gode og saklege diskusjonar.
- Viktig at føresette føl opp.
- Fau-initiativ: fleire skuler einige om skjerm/mobil/SOME. Kva vil Skogsvåg?
- Kan man bli einig om SOME ut barneskulen?
- Vanskeleg å styre kva telefon ein har.
- Tydelege retningslinjer på kva føresette er einige om, det må ein få til.
- Kan ein lage ein spørreundersøking for å nå breidt ut til alle føresette?
- Foreldremøte: temakveld. Dette tek arbeidsgruppa vidare.

SAK 4. Busstilbod:

- **Arbeidsgruppe: Anette (lager gruppe), Karianne, Johnny, Kristin**
- Buss, føl 1.trinn.
- Rett til gratis buss Haganes, Kallestad.
- Over 4 km rett på, under må ein gå.
- Mellomtrinn ikkje rett til buss.
- Rektor sender skriv som er kome knytt busstilbod til arbeidsgruppa.

SAK 5. Trafikktryggleiksplan:

Vedtatt i kommunestyret i juni. Sjå eige skriv om trafikktryggleiksplan for kontaktperson.

Arbeidsgruppe busstilbod og trafikktryggleik saman i ei arbeidgruppe. FAU skal sende samla til kommune og SKYSS. FAU tek saka på alvor og tek sak vidare oppover.

SAK 6. Ferie-SFO og mat på SFO: Kommunen jobbar med heile SFO og ser på ferie SFO organisering. Kommunen ser på SFO-tilbodet, ser og på til dømes opningstider.

Kristine, FAU-leiar: sender frå FAU Skogsvåg sak knytt ferie-SFO og viktigheit rundt opningstidar for bebuarar i Øygarden + mat i SFO. Sender til Martin (ansvarleg i kommunen): Martin.Nakken@oygarden.kommune.no

- **Mat på SFO:** rektor forstår ønskje om mat i SFO. Det er ikkje rom for å få til dette med ressursane ein har [pr.no](#). SFO treng alle vaksne med elevane. Dersom det skulle vore aktuelt treng ein ressursar som kan organisere mat. Kristine løfter sak opp på kommunenivå. Dersom det skulle vere aktuelt må FAU eventuelt gå breidt ut for å høyre i foreldregruppaa om det er ønskjeleg med meir betaling for å dekke inn mat. Nokre skular har mat i SFO, enkel brødmatt og pålegg. Ikkje alle føresette som ønskjer dette.

Eventuelt:

- **Bursdagsgåve:** 50kr er felles på dei fleste trinn. Ber om at alle føresette held avtale.
- **4.trinn:** ønskje om nytt format på vekeplan, alle må kunne opne dokument. Rektor tek opp med trinn.
- **Skjerm og tilgong:** tilgong på internett. Rektor har løfta til IKT og IKT har tatt tak i dette. Rektor held i sak. Det er begrensingar på alle digitale læringsbrett/skjermer. Det må vere kontroll på kva ein kan bruke læringsbrett til, ikkje akseptabelt at elevar nyttar til å sjå på til dømes valdelege videoar. Skal ikkje vere rom for at det skjer. Føresette er kritiske til at elevar får lov til å nytte skjerm utan tilsyn, viktig med nettvett og tilsyn. Elevar må vere moden til og klar for å bruke.....
- **5.trinn:** nasjonale prøvar, gjermål etter gjennomført prøve vert belønning med spel. Rektor tek opp med trinn. Viktig til neste gjennomføring då nokre elevar brukte lita tid for å bli ferdig med prøva.
- **Vaksendekning ute:** nokre føresette opplever at det skjer ting ute utan at dei vaksne grip inn. Rektor orienterer om at det er godt med vaksne ute. Det er eigne områder, samt fleire vaksne i tillegg som er ute på enkeltelevar + vandring. Føresette er oppteken av at alle vaksne må reagere på til dømes språkbruk. Viktig med ein felles plan for korleis ein skal handtere enkeltsituasjonar, konsekvens for elevane, aksept for ulik åtferd og kva er konsekvens når ting skjer. Kommunikasjon og dialog heim og samarbeid mellom skule og heim, viktig og tydeleg. FAU er uroa av tilbakemelding frå nokre føresette på at lærarar kjefter og hever stemmen, det er nokon som ikkje likar dette. Vi må la dei vaksne i skulen ta kontroll og vi som føresette må føle opp. Det er sjølv sagt ulikheiter i mangfaldet, og skulen må samstundes handtere enkeltborn/enkeltindiv.
- **Mobilhotell, tilbakemelding frå elevar til føresette heime:** det er elevar som ikkje leverar inn mobil. Føresette må få beskjed, la mobil vere igjen heime, bruke foreldrekontroll. Det er elevar som fortel at nokon tek med gamle telefonar frå heimen for å levere inn for å nytte eigen telefon i skuletid. Det er elevar som visar at det vert publisert film av t.d dansing på skuleplass.

Foreldre må følge med og følge opp! Vaksne i skule vil følge med på dette, men tilsette kan ikkje sjekke elevane sine sekkar. Her må føresette følge opp.

- **Dusjing:** føresette ønskjer at elevar dusjar på skulen. Dette er ulikt, nokon trinn gjer ikkje dette. Kva er praksis? Rektor tek sak vidare.

Avslutningsvis: rektor oppsummerar møte. Alle arbeidsgrupper føl opp og startar med sitt arbeid. Neste FAU-møte deler ein kort status og prosess. FAU kjem med tilbakemeldingar på at det var eit godt FAU-møte. Engasjerte føresette, god informasjon, open og ærleg dialog. Rektor er open for innspel og ærleg i sin kommunikasjon. FAU-representantane er oppteken av at det skal vere eit godt foreldreengasjement. Referat vert sendt til FAU-leiar, FAU-leiar deler med FAU og skule ligg referat på heimesida.